



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1. september 2025 - Økonomi og stab

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

I fylgje økonomireglementet skal kommunedirektøren minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen på kvar sektor. Hovudutvalet skal treffe nødvendige tiltak innafor sine rammer

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Totalt sett ligg sektoren godt innanfor den tildela økonomiske ramma som er tildela i år. Det er likevel nokre områder ein ser at det er avvik på og som ein ynskjer å informere om.

Parkeringsinntekter i løpet av sommaren er noko mindre enn på same tid i fjor. Så langt i år er det om lag kr 900 000,- i inntekter på parkering og vipps til Hamaren aktivitetspark. Vi har også i år budsjettera med 1,2 millionar. Her vil det nok bli noko mindre inntekter enn budsjett, men ein fin haust kan sikre meir inntekter her. Det kjem noko nesten kvar dag.

For fyste gong på mange, mange år har vi i haust ingen lærlingar i Fyresdal kommune. Det er arbeid mykje med å sikre seg lærlingar i ulike fagfelt men ein har ikkje lykkast med dette. Det er veldig liten tilgang på dei som ynskjer lærlingeplass generelt i heile Telemark. Dette gjev difor innsparing på budsjettet resten av hausten.

Politisk verksemd ligg i tråd med budsjett.

Inntektene frå mottak av flyktningar ligg godt over budsjett. Vi har i år allereie busett 12 flyktningar og har bare 3 stykker igjen på kvota for i år. Kvota vart i sommar redusert frå 20 til 15 av IMDI då det kjem færre flyktningar inn til landet generelt enn det som var stipulert. Det er også søkt og fått tildela fleire ekstratilskudd som skal vere med å dekke overforbruk på barnevernsutgifter og ekstraavgifter i skule og barnehage. Sjølv om vi har ein veldig god statestikk på å få flyktningane ut i ordinært arbeid etter avslutta introduksjonsprogram ser ein at utgiftene til NAV (økonomisk sosialhjelp) har auka noko samanlikna med fjoråret men ein ligg likevel innanfor budsjettet så langt i år.

For å halde eit godt grep om arbeidet med etablering av datasenter og kva det til påvirke i den kommunale organisasjonen av eningar har vi valgt å tilsette ein prosjektkoordinator for dette

arbeidet. Denne stillinga er lagt under sektor på plan og teknikk men arbeider også mykje inn i næring og kommuneleiinga. Det er difor naturleg at ein bidreg med finansiering av denne stillinga frå sektoren her.

Konklusjon:

Totalt sett ligg sektoren godt innanfor tildela økonomisk ramme.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Formannskapet tek den økonomiske stoda pr. 1. september til vitande.

Ramma vert redusert med kr 300 000,- som overførast til sektor for plan og teknikk for å dekke delar av prosjektstilling i samband med etablering av datasenter.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef